



123 Entreprenør AS  
Isdalstøbakken 22  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/688 - 17/16156

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
15.08.2017

## GBNR 1/1 - Førespurnad om opplysningar - Jordtipp og drift av mobilt steinknuseverk på Flatøy

Administrasjonen viser til tidlegare korrespondanse og møte vedrørende ovannevnte. Kommunen har motteke opplysningar om at anleggsverksemd på eigedomen gbnr 1/1 på nytt er starta opp og at det blir tilkjørt masser til eigedomen. Kommunen har ikkje motteke korkje søknad om løyve til bakkeplanering (jordtipp) og/eller drift av steinknuseverk/terrenginngrep. Tidlegare godkjenning av jordtipp er gått ut. Det er heller ikkje søkt om dispensasjon frå arealformålet LNFR for slik verksemd.

I skriv datert 07.07.2016 opplyste kommunen følgjande:

«Når arbeida med E39 på Flatøy er ferdig, vil planstatus og situasjonen knytt til verksemda på aktuelt areal endre seg. Areal avsett til anlegg- og riggområde vil igjen få status som LNFR- område gjennom kommuneplanen. Bruk av areal og verksemd som i dag er omfatta av unntaket frå søknadsplikt gjennom SAK10 § 4-2 bokstav (a) vil ikkje lenger vere unntatt frå søknadsplikt. Området skal tilbakeførast til situasjonen før arbeida med E39 tok til i samsvar med det som er fastsett i vedteken reguleringsplan.

Drift av mobilt steinknuseverk vil etter ei førebels vurdering frå administrasjonen ikkje vere i samsvar ordinær landbruksdrift, men ei næringsverksemd som ikkje er omfatta av landbruksomgrepet. Vidare drift og ferdigstilling av bakkeplanering/jordtipp, vil vere avhengig av godkjenning i samsvar med tidlegare krav stilt av kommunen.»

I første omgang ber administrasjonen om ei utgreiing frå tiltakshavar om status for anleggsverksemd og jordtipp i dag. Tiltakshavar har høve til å gjere gjeldande sitt syn på søknadsplikt/planstatus for eigedomen.

Frist for utgreiing blir sett til **28.08.2017**.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*